

Årsmelding

2009




SpareBank
HALLINGDAL



Innhald

	Side
Ein tøff start, men god gjennomføring ga resultat	3
Bankmagasinet 2010	4
Styret si årsmelding for 2009	5
Erklæring i samsvar med lov om verdipapirhandel § 5-6	16
Hovudtal morbank	17
Resultatrekneskap	18
Balanse per 31. desember 2009	20
Noter til konsernrekneskapen 2009	22
Årsmelding frå kontrollkomiteen	36
Revisjonsberetning	37
Tillitsvalte i 2009	38
Visjon/Verdiar/Hovudmål	39



Ein tøff start, men god gjennomføring ga resultat




Foto: Tomas Carlstrøm

Adm. banksjef Knut Oscar Fleten

Me starta året med eit svakt resultat per 1. kvartal. Store og raske rentereduksjonar ned til eit veldig lågt rentenivå og sterk konkurranse om bankinnskott sette rentenetto og rentemargin under stort press. Dette saman med framleis negativ utvikling i aksjemarknaden gav oss ei påminning om at ein er sårbar når ein har ei stor inntektskjelde – netto rente- og provisjonsinntekter. Me har arbeidd lenge med å auke inntektene frå andre produkt og tenester og i 2009 passerte me ein ny milepel.

Vårt resultatmål for 2009 vart eigentleg skrinlagt etter framlegginga av resultatet for 1. kvartal. Me justerte målsetjinga til å koma raskast mogeleg attende på «sporet» til den opphavlege planen. Eit av verkemidla var og er at kundane samlar alle sine forsikringskjøp og kjøp av finansielle tenester og produkt hjå oss. Tiltaka for å få dette til har vore å utdanne flest mogeleg breidderådgjeverar og lansere fordelsprogram for dei kundane som samlar sine kjøp hjå oss. Me gjekk inn i 2009 med 20 breidderådgjeverar og klarte å ferdigstille eit komplett fordelsprogram for våre personkundar i løpet av våren 2009.

Resultatmåla for 2009 var tøffe, men sjølv om netto rente- og provisjonsinntektene svikta noko har me stått på for å nå alle dei andre måla. Vekstambisjonar som 20% inntektsvekst frå forsikringsområdet kan virke uoppnåeleg når verda går litt i utforbakke og så vidt klarar å hente seg inn til ein positiv vekst ved utgangen av året. Dei fleste finansielle produkt og forsikringar må me likevel ha – uavhengig av opp- eller nedgangstider. Våre kundefordelsprogram har arbeidd hardt og målbevisst gjennom heile året og det har gitt synlege resultat.

For første gong i banken si historie utgjør summen av andre inntekter meir enn 50% av netto rente- og provisjonsinntekter. Ein årsak til at me no har brote ein viktig milepel er sjølvsagt noko lågare netto rente- og provisjonsinntekter samanlikna med 2008, men den vesentlegaste årsaka er sterk inntektsvekst frå resterande verksemd. Me ønskjer ein sparebank som har fleire inntektsbein å stå på og som dermed står stødigare når det bles litt rundt oss.

Morbanken sitt resultat speglar i realiteten 3 ulike driftsår som følgje av vår tilknytning til SpareBank 1 gjennom vårt eigarskap i Samarbeidende Sparebanker as. SpareBank 1 Gruppen as har levert svært varierende resultat dei siste åra. Frå svært godt til svært dårleg og svært bra i 2009. I 2009 er det gjort grep for å redusere resultatvingingane slik at me i framtida kan forvente noko meir moderate resultat, men samtidig positive resultat. Rekneskapen for konsernet gir eit samla bilete av vår verksemd inkludert verdiskapinga i SpareBank 1 som me er ein del av gjennom vårt eigarskap.

Konserntala for 2009 viser at det har gått svært bra for SpareBank 1 Gruppen og tilhøyrande verksemdar. Vår andel i SpareBank 1-systemet tilfører banken eit auka resultat på ca kr 19 mill. Dette er me svært godt nøgd med, sjølv om me i framtida ikkje kan forvente eit like stort resultatbidrag frå våre eigarinteresser i SpareBank 1-systemet.

I sum vart 2009 veldig bra når ein tek med den uvissa som me hadde ved inngangen til året og det svake resultatet i banken per 1. kvartal. Me trur me skal klare å forbetre resultatet i 2010, men me er framleis urolige med omsyn til tap på utlån. Dersom aktiviteten innafor byggebransjen ikkje tek seg opp i løpet av året, kan våre tapskostnader overstige nivået i 2009. Me held fram med å arbeide tett på våre næringslivskundar med felles mål om å skape gode resultat saman.

Bankmagasinet 2010: Leiar ved Knut Oscar Fleten side 2 · Konkurransar side 28-29 · Kampsport i Hemsedal side 35

Bank- magasinet

2010

SpareBank 1
Hallingdal - Hemsedal - Valdres



«Kimen til
vekst» side 24-27

Kundetur til Jordan side 4-5

– Bli golfar side 8-11

Eit år i reinlandet side 14-17

Trafikktryggleik Hallingdal side 30-31

SpareBank 1
Hallingdal - Hemsedal - Valdres

*I Bankmagasinet kan du få eit innblikk i kva for verdiar banken fører attende til lokalsamfunnet.
– Me har eit samfunnsansvar, seier adm. banksjef Knut Oscar Fleten.
Ring 03202 dersom du ynskjer Bankmagasinet tilsendt.*

Styret si årsmelding for 2009

Konsernet si verksemd omfattar først og fremst morbanken, men til verksemda høyrer også dotterselskapa Hemsedal Regnskap AS og eigedomsselskapa SpareBank 1 Gol Eigedom AS, SpareBank 1 Hemsedal Eigedom AS, SpareBank 1 Ål Eigedom AS, samt investeringselskapet SpareBank 1 Hallingdal Invest AS og EiendomsMegler 1 Geilo AS. I sistnemnde eig banken 85% av aksjane. Det er morselskapet som i hovudsak dannar dei økonomiske storleikane i konsernet, men kommentarane omhandlar også heile konsernet.

Visjon, verdiar og mål

Banken sin visjon er å vere «den anbefalte banken» i banken sitt marknadsområde, Hallingdal og Valdres. Bankdrifta skal byggje på verdiane «nær» og «dyktig».

SpareBank 1 Hallingdal skal ved hjelp av SpareBank 1 Gruppen vere eit naturleg førsteval som leverandør av alle typar finanstenester som banken tilbyr. Målgruppa er alle kundegrupper med tilknytning til Hallingdal og Valdres. Banken skal profilerast som ein lokalbank med evne til å framstå som nær og dyktig med behovstilpassa løysingar for kundane. Vidare skal banken vere ein aktiv og sterk samarbeidspartnar for næringsliv og offentleg sektor, og i tillegg ein aktiv støttespelar som gir verdi for lokalsamfunnet.

Banken skal framstå som ein attraktiv og god arbeidsplass med medarbeidarar som er prega av vilje og evne til kontinuerleg læring for å styrke banken si konkurransevne.

Banken har målsetting om å oppnå ei god eigenkapital-avkastning for å bevare banken si sjølvstende og lokale forankring. Utlån til personmarknaden skal minst utgjere 60% av brutto utlån. Det er eit mål å halde kostnadsprosenten under 60%.

Det globale makrobiletet i 2009

2009 vart innleia med stor usikkerheit om den vidare utviklinga i global økonomi. Finansmarknaden var framleis prega av ein høg grad av usikkerheit og mangel på tillit mellom dei ulike aktørane. Biletet vart sakte betre utover våren etter kvart som myndighetene i ulike land gjennomførte ulike tiltak for å styrke tilliten til banksektoren. Desse tiltaka inkluderte kapitaltilførslar, ulike former for innskotsgarantiar og auka tilgang på likviditet gjennom ulike låneordningar i sentralbankane. Tiltaka førte til ein gradvis normalisering av risikopåslaget for finansiering av bankane.

I løpet av sommaren 2009 var det teikn til ein gradvis betring i industriproduksjonen som følgje av lageroppbygging for ulike varer, og som følgje av ulike

stimulanseordningar, blant anna vrakpant på bilar. I tillegg viste ein del asiatiske land, med Kina i spissen, ein imponerende evne til å oppretthalde veksten. Spenninga framover er knytt til vidare utvikling etter kvart som stimuleringsiltak blir fasa ut.

Der er framleis stor ubalanse i den globale økonomien. Veksten i verdsøkonomien i 2009 er venta å bli negativ mellom -1 og -1,5%. Sjølv om Kina sitt overskot på handelsbalansen med USA er kraftig redusert, er den framleis eit symptom på at sparinga i USA ligg på eit for lågt nivå. Arbeidsløysa er no rundt 10% både i USA og i EU, og det er negativ kredittvekst i begge områda. Bustadprisane i USA ligg framleis 25-35% under toppen, noko som medfører at ein stor del av amerikanske hushald har eit bustadlån som overstig verdien på bustaden.

Det norske makrobiletet i 2009

Noreg har kome relativt lett frå den globale finanskrisa, sjølv om både produksjon og forbruk er redusert. Me har hatt to kvartal med negativ BNP-vekst (bruttonasjonalproduktet) i 2008 og 2009 og samla vekst for 2009 er venta å bli negativ med -1,5%. At tilbakeslaget ikkje har vorte meir merkbart skuldast fleire faktorar slik som ein ekspansiv finanspolitikk og statlege tiltakspakker overfor finansmarknaden og låneordninga i Norges Bank («Gullkortet»), Statens finansfond og Statens obligasjonsfond. Det offentlege forbruket er auka. I tillegg gjer den norske næringsstrukturen, med ei høg eksponering mot råvarer og petroleumssektoren økonomien mindre sårbar enn i andre vestlege land som er meir avhengig av etterspørsel etter industriprodukt. Som følgje av at råvareintensive land som Kina og India framleis viser ein sterk vekst er det framleis ein relativt sterk vekst i etterspørselen etter råvarer. Symptomatisk nok var det to store råvareeksportørar, Noreg og Australia, som var dei første landa som heva styringsrenta.


Privat konsum steig ca. 0,2% i 2009. Ein framleis relativt sterk arbeidsmarknad, ein reallønsvekst på nesten 2%

og lågare renter på bustadlån førte til ein sterk auke i disponibel realinntekt etter renter. Konsumentane var forsiktige, og spareraten auka frå 3,4% til 6,8%. Tilhøva ligg difor til rette for ein sterkare vekst i konsumet i 2010. I tillegg steig bustadprisane med ca. 11% gjennom 2009, slik at det var ein relativt sterk forbetring i hushalda sin finansposisjon gjennom året.

Investeringar har derimot vist eit relativt kraftig fall. SSB forventar at næringsinvesteringane i Fastlands-Noreg fall med 13,8% og bustadinvesteringane med 18,8% i 2009. Samtidig auka petroleumsinvesteringane med 4,7% og investeringar i offentleg forvaltning med 9,9%.

Enkelte bransjar har møtt sterk motvind. Dette gjeld særleg verftsindustrien og deler av offshoreindustrien, der ordreinngangen har vore veldig svak gjennom 2009.

Kredittvekst



Kredittveksten til bedriftene fall kraftig gjennom året. I november var bedriftene si bruttogjeld 2,8% lågare enn nivået i november 2008. Tilsvarende vekst for hushald var 6,7%. Denne utviklinga reflekterer dei fallande investeringane i næringslivet og dei stigande bustadprisane.

Sparebanksektoren i 2009

Den norske sparebanksektoren har hatt eit betre år bak seg enn det ein trudde og frykta ved inngangen til året. Den relativt milde lågkonjunkturen i Noreg og gode rutinar for vurdering av kredittrisiko har gjort sitt til at utlånstapa var på moderate 0,4% per 3. kvartal.

Den innanlandske kredittindikatoren (K2) viser at utlån til hushald var opp med 6,7% i 2009 medan utlån til næringslivet fall med 1,4%. Samla kredittvekst i året er på 4,1%. Både etterspørselen etter lån og kredittrisikoen har blitt positivt påverka av det låge rentenivået, men som i sin tur la eit press på rentemarginen. Den har også blitt negativt påverka av høgare innlånskostnader. Blant sparebankane er netto renteinntekter i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital redusert frå 1,73% i 2008 til 1,26% per 3. kvartal.

Til tross for fallande netto renteinntekter og utlånstap på nivå med 2009 så gjer ei god avkastning på aksjar og obligasjonar til at sparebankane rapporterte ein solid betring i resultatet i 2009.

Utvikling i soliditet

Finanskrisa forventar å føre til auka og meir nyanserte krav til bankane sin soliditet. I 2009 var det 28 bankar som henta totalt NOK 4,1 milliardar frå Statens finansfond. I tillegg henta DnB NOR, SpareBank 1 SR-Bank og Sparebanken Øst totalt NOK 15,4 milliardar via ordinære fortrinnsrettsemisjonar.

Ved utgangen av 2009 hadde konsernet SpareBank 1 Hallingdal ei kapitaldekning på 15,53% (i 2008: 16,01%). På morbanknivå var kapitaldekninga 16,96% (17,80%). Banken brukar standardmetoden for utrekning av kredittrisiko. Banken har ikkje tilleggskapital slik at banken si kapitaldekning er lik kjernekapitaldekning.

Banken sitt soliditetsmål er at kjernekapitaldekninga skal vere minimum 11,0%, medan kapitaldekninga skal vere minimum 15,0%. Styret meiner banken har god soliditet.

Strategisk samarbeid i SpareBank 1-alliansen

SpareBank 1-alliansen består av 20 sparebankar, ein forretningsbank og produktselskapa eigd av SpareBank 1 Gruppen AS. Eit overordna mål for SpareBank 1-alliansen er å sikre den enkelte bank sjølvstende og regional forankring gjennom sterk konkurransevne, lønsemd og soliditet. Samtidig representerer SpareBank 1-alliansen eit konkurransemessig fullverdig bankalternativ på nasjonalt nivå. For å oppnå felles mål har bankane i alliansen etablert ein nasjonal profil og utvikla ein felles strategi for merkevarebygging og kommunikasjon.

SpareBank 1-bankane driv alliansesamarbeidet og utvikling av produktselskapa gjennom dei felles eigde selskapa Alliansesamarbeidet SpareBank 1 DA og holdingselskapet SpareBank 1 Gruppen AS.

SpareBank 1 Gruppen AS er eigd av SpareBank 1 SR-Bank (19,5%), SpareBank 1 SMN (19,5%), SpareBank 1 Nord-Norge (19,5%), Sparebanken Hedmark (12%) og Samarbeidende Sparebanker AS (19,5%) (16 sparebankar på aust- og vestlandet), samt Landsorganisasjonen/fagforbund knytt til LO (10%).

SpareBank 1 Gruppen AS eig 100% av aksjane i SpareBank 1 Livsforsikring AS, SpareBank 1 Skadeforsikring AS, Bank 1 Oslo AS (frå 01.01.10 er selskapet seld ut og er no eigd direkte av SpareBank 1-bankane), ODIN Forvaltning AS, SpareBank 1 Medlemskort AS og SpareBank 1 Gruppen Finans Holding AS samt 73,25% av aksjane i Argo Securities AS. Sparebank 1 Gruppen Finans Holding AS eig 100% av aksjane i Actor Fordringsforvaltning AS, Actor Portefølje og SpareBank 1 Factoring AS. SpareBank 1 Gruppen AS er i tillegg deltakar i Alliansesamarbeidet SpareBank 1 DA.

SpareBank 1 Gruppen AS har og det administrative ansvaret for banksamarbeidsprosessane i SpareBank 1-alliansen, der teknologi, merkevare, kompetanse, felles

prosessar/utnytting av beste praksis og innkjøp står sentralt. Alliansen driv og utviklingsarbeid gjennom tre kompetansesentra innafor Læring (Tromsø), Betaling (Trondheim) og Kreditt (Stavanger).

SpareBank 1-bankane deltek i stor utstrekning i utviklingsarbeidet på fellesarenaen. Dei viktigaste prosjekta innafor alliansen har i 2009 vore implementering av ny kredittløysing for både person- og bedriftsmarknaden, modernisering av sjølvbetente løysingar, samt effektivisering av rådgjevaren si arbeidsflate.

SpareBank 1-alliansen har gått inn i eit langsiktig strategisk samarbeid med EDB ASA om utvikling og levering av kjernebankløysing.

Resultata i SpareBank 1 Gruppen viser ei heilt anna utvikling i 2009 enn i 2008. Førabels resultat etter skatt for 2009 er på 881 mill. kroner i motsetnad til eit underskot på 808,5 mill. kroner i 2008. Det store underskotet i 2008 kom som følge av høg aksjeandel og store aksjenedskrivningar i SpareBank i Livsforsikring AS, men Gruppen valde dette som ein bevisst strategi som viste seg vellykka i den kraftige børsoppgangen i 2009.

SpareBank 1 Hallingdal si verksemd i 2009

Inngangen til 2009 var prega av stor usikkerheit i høve til framtidig utvikling. I dette usikre landskapet valde banken å leggje seg nokså roleg i finansmarknaden til dei verste stormane hadde lagt seg. Dette skulle vise seg å vere ein god strategi og allereie på vårparten begynte kurvane å peike oppover i form av stigande aksjekursar, stigande tillit i marknaden, betre likviditetstilgang og lågare kredittpåslag (spread). I denne delen orienterer dei ulike fagområda litt om kva som har hatt fokus i året.

Innafor forsikringsområdet har banken også i 2009 jobba aktivt mot bedriftskundar med omsyn til teikning av OTP-avtale (Obligatorisk tenestepensjon) og skadeforsikring. Heile 71% av bankkundane har no OTP-avtala si i banken og porteføljen på skadeforsikring i bedriftsmarknaden (BM) har auka med 1,6 mill. i 2009 til totalt 9 millionar ved utgangen av året. Hausten 2009 tilsette banken ein eigen landbruksrådgjevar, og banken er no godt i gang med sal av landbruksforsikring både i Hallingdal og Valdres.

Kompetansebygging innan forsikring for privatmarknaden har vore høgt prioritert også i 2009, og dei fleste rådgjevarane er no sertifiserte. Det har vore stor aktivitet innan skadeforsikring dette året og porteføljen i Hallingdal og Valdres har ved utgangen av året auka til vel 28 millionar.

I 2009 er nettbankløysinga til privatkundar vidareutvikla for at kundar skal kunne utføre fleire tenester sjølv, som t.d. oppretting av konti og SMS-varsling av visse hendingar. For å auke sikkerheiten i samband med utsending av betalingskort vil kundar som har nettbank få tilgang til pin-kode i nettbanken. Utvikling av nettbanken er eit satsingsområde og i året som kjem vil mange nye moglegheiter for sjølvbetjening koma.

Banken sine bedriftskundar har fått ny nettbankløysing i 2009. I denne løysinga kan banken no tilby elektronisk

arkivering av post frå banken noko som er heilt i tråd med banken sitt fokus på miljøtiltak.

Banken vil ha eit særskild fokus på å kunne møte kundane på digitale flater og har initiert eit to-årig prosjekt for å prioritere dette området.

Myndighetene har fokus på kvitvasking av pengar. Som finansieringsinstitusjon er banken underlagt lovgjeving som skal forhindre kvitvasking. Me fekk ny Kvitvaskingslov frå 15. april 2009 der hovudføremålet er å førebyggje og avdekke transaksjonar som stammar frå utbytte av straffbare handlingar eller terrorhandlingar. Alle tilsette har gjennomført e-læringsmodul i lovverket i løpet året.

Fjoråret var eit svært godt børsår. Hovudindeksen på Oslo Børs steig med nesten 65% gjennom året. Dessverre er det for mange av kundane som ikkje har fått glede av denne eventyrlige oppgangen, sjølv om eingongsteikning i fond vart noko høgare enn året før.

Positivt er det at talet på spareavtaler aukar jamt og trutt – ein sparemåte me har god tru på.

Gledeleg er det og at det er løyst inn vesentleg mindre volum enn året før.

Banken har i 2009 skifta meklarforetak – frå First Securities AS til Argo Securities AS som er SpareBank 1 sitt eige meklarhus.

I 2008 lanserte banken Puls, ein sparekonto med svært fordelaktig innskotsrente. Puls-kontoen vart raskt svært populær og spesielt utover hausten 2008 og vinteren 2009 valde mange å setje pengane sine i denne. At kontoen er eit bra produkt for kundane viser også gode resultat frå Bank-NM i magasinet Dine Pengar.

Det er gledeleg å sjå at fleire av kundane våre ser fordelane ved å bruke banken på fleire område og ta del i fordelsprogramma våre. I 2008 innførte banken sjølvutvikla fordelsprogram for ulike kundegrupper. Dette arbeidet har halde fram i 2009 og banken kan no tilby fordelsprogram for alle kundegrupper innafor privatmarknaden samt delar av bedriftsmarknaden. Målsettinga med fordelsprogram er å kunne vere konkurransedyktig i høve til våre konkurrentar på dei viktigaste kundegruppene. Fordelsprogramma er bygd opp slik at kundane får betre prisar gjennom auka breidde og større volum i produktspekteret.

Ved utgangen av året har banken innført følgjande fordelsprogram:

- Labb og Line (for born mellom 0 og 12 år)
- 13t18 (for kundar mellom 13 og 18 år)
- 18t30 (for kundar mellom 18 og 30 år)
- Aktiv (for kundar mellom 30 og 64 år)
- LOfavør Aktiv (for LO-medlemer)
- Nyt Livet (for kundar over 64)
- PF Aktiv (for personlege føretak)


Alle rådgjevarar har i året fått nye versjonar av rådgjevingsverktøy som gir endå betre støtte i høve til formelle

krav i rådgjevingprosessen. I tillegg er det heile tida eit fokus på beste kundeprosess både overfor privat- og bedriftskundar som omfattar alt frå segmentering av kundar, kundekontakt, førebuing til kundemøte, gjennomføring av kundemøte og etterarbeid.

Utlånsverksemda har i 2009 vore prega av noko lågare aktivitet enn året før. Renteendringane har også vore færre: 6 i 2009 mot 13 året før. Per 31.12.2009 utgjer totalt innvilga utlån og garantiar til saman 6,5 mrd. kroner.

Også dette året har me hatt fokus på å tilby kundane våre tidsriktige utlånsprodukt, til konkurransedyktige prisar. Dette er ein ambisjon som krev effektiv bruk av moderne teknologi. I 2009 har me difor teke i bruk eit nytt og meir effektivt verktøy for handsaming av utlånsaker. Det nye systemet er også førebudd for mottak av lånesøknader frå internett – både frå eksisterande og nye kundar. Ved utgangen av 2009 står såleis banken godt rusta til å møte ei framtid der lånekundane vender seg til banken i så vel tradisjonelle som meir moderne kanalar.

Utlånsverksemd er prega av mange formalitetar, og krava til kvalitet i arbeidet er høgt. I 2009 har me både hatt eigeninitierte kvalitetskontrollar og stadleg tilsyn frå Finanstilsynet (tidlegare Kredittilsynet). Me er tilfredse med at desse kontrollane viser at banken sitt mangeårige fokus på kompetanseheving og kvalitet er ein rett veg å gå.



Eigarstyring og selskapsleiing

Eigarstyring og selskapsleiing i SpareBank 1 Hallingdal omfattar dei mål og overordna prinsipp som konsernet skal styrast og kontrollerast etter for å sikre innskytarane og andre grupper sine interesser. Konsernet si verksemdsstyring skal sikre ei forsvarleg formuesforvaltning, og gje auka tryggleik for at kommuniserte mål og strategiar blir nådd og realisert.

SpareBank 1 Hallingdal har som eit resultat av dette vedteke at selskapet skal følgje Norsk anbefaling for eierstyring og selskapsledelse (corporate governance) av 4. desember 2007, med dei tilpassingar som følgjer av at selskapet er ein sparebank utan eigarkapital som er børsnotert, eller som blir omsett regelmessig.

Risikoforhold og intern kontroll

Styret handsamar kvartalsvis ein overordna risikorapport. Banken har i 2009 vidareutvikla rammeverket for risikostyring og risikorapportering gjennom ei revidering av policydokument innafor alle risikoområde, samt justert rapporteringa. Vidare har banken ein eigen controllerfunksjon som rapporterer direkte til administrerande banksjef. Controller utfører ei rekkje uavhengige kontrollhandlinger i samarbeid med fagsjefane.

På same måte som dei siste åra er intern kontroll eit prioritert område, og er no integrert som ein del av den daglege drifta. Fagsjefane har eit kvalitetsansvar og står for oppfølging av kontrollverksemda. Rapportering skjer kvartalsvis til styret. I tillegg er Ernst & Young engasjert i interne revisjonsprosjekt. Dette arbeidet har ført til ei kvalitetsheving på fleire område, men banken kjem til å prioritere vidare kvalitetsbetring i tida framover.

Marknadsrisiko

Marknadsrisiko, eller kurs- og renterisiko omfattar banken sin risiko knytt til posisjonar i valuta, aksje- og rentemarknaden. Banken har ingen valutarisiko utover det som er knytt til eigen valutabehaldning. Mesteparten av banken sine utlån og innskot er med flytande rente, dvs. at renta blir regulert i takt med pengemarknadsrenta. Banken sin utlånsportefølje med fast rente var ved utgangen av året på 172 mill. kroner. Av dette er 46 mill. kroner sikra med swap-avtalar. Banken har ikkje fastrenteinnskot utover det som er knytt til ein liten del strukturerte produkt. Desse er særskilt sikra mot rentesvingingar.

Banken har ved utgangen av året ei verdipapirportefølje på 293,6 mill. kroner i bokført verdi som blir forvalta av ekstern forvaltar. Det er ikkje gjennomført dei store endringane i forvaltninga gjennom året, men forvaltar vekta seg litt opp i aksjar. Porteføljen hadde ved utgangen av 2009 ei samansetning på ca. 10,8% aksjar og 89,2% obligasjonar/sertifikat. Aksjeposten har ein liten overvekt av norske aksjar og i høve til utanlandske aksjefond med ei god spreing mellom ulike sektorar. Ved utgangen av året har aksjeporteføljen ein urealisert gevinst på 4,0 mill. kroner.

Obligasjonsporteføljen er sett saman av papir med kort durasjon for å redusere renterisikoen mest mogeleg. Gjennomsnittleg durasjon var ved utgangen av 2009 på 0,23 mot 0,21 for eit år sidan. Renterisikoen i porteføljen blir vurdert som liten. Kursrisikoen blir også vurdert som liten sidan ein stor del av porteføljen er investert i statssertifikat og kraftselskap. Ein del er investert i bankpapir. Alle verdipapir er vurdert med tanke på nedskrivning i årsoppgjeret.

I forvaltninga av porteføljen er eit sentralt tema risiko og avkastning. Skal ein oppnå høg avkastning må risikoen også vere høg. Banken legg vekt på å ha svært låg risiko i sine plasseringar for å unngå store avkastningsvariasjonar frå år til år. Porteføljen sto seg godt gjennom turbulensen hausten 2008, men samansetninga gjer at avkastninga heller ikkje blir veldig høg når marknaden går bra. 2009 vart ei eventyrleg reise for dei som hadde mykje aksjar.

Alle børsar hadde ein brei oppgang. Oslo Børs gjekk svært bra med ein auka i hovudindeksen på 64,8% gjennom året. Banken si norske aksjeportefølje blir målt mot Oslo Børs sin fondsindeks (OSEFX). Porteføljen hadde ei avkastning på 76,2% mot indeksen på 70,2%, ei meiravkastning på 6,0%.

Banken si internasjonale aksjeportefølje har gjennom fleire år levert nokså svak avkastning. Denne posten er med på å spreie banken sin risiko i aksjemarknaden, men legg også ein dempar på avkastninga fordi valutakursendringar påverkar utviklinga. Porteføljen hadde ei positiv avkastning på 8,1% i 2009.

Hovuddelen i verdipapirporteføljen er sertifikat og obligasjonar. Av dette er om lag halvparten norske statssertifikat. Rentenivået har i 2009 vore lågt og dermed har avkastninga på rentepapir vore tilsvarende låg. Porteføljen har ei avkastning på 3,0% noko som er litt over referanseindeksen. Samla avkastning på banken si verdipapirportefølje vart 6,53% i året.

Banken sin renterisiko oppstår hovudsakleg i samband med fastrenteutlån, fastrenteinnskott og fastrenteinnlån. Banken har ei målsetting om å ha liten renterisiko og skal i prinsippet eliminere alle fastrenteposisjonar ved hjelp av rentebytteavtalar. Banken sin policy for styring av renterisiko set rammer for kor stor renterisiko banken kan ta. Renterisiko for alle posisjonar kan uttrykkjast ved å sjå på endringa i verdien på renteinstrument ved ei endring på 2 prosentpoeng. Ved årsskiftet er banken sin samla renterisiko rekna til 5,6 mill. kroner og er innafør ramma.

Kredittrisiko

Kredittrisiko er definert som faren for tap som følgje av at kundar eller motpartar ikkje har evne eller vilje til å oppfylle sine plikter overfor banken. Kredittrisiko er knytt til mogelege tap på utlån eller garantiar til kundar, i tillegg til tap på plassering i verdipapir med mindre solide utstedarar. Kredittrisiko er banken sitt mest vesentlege risikoområde. Banken har etablert standardiserte rutinar for kredittgjeving, etablert fullmaktsstruktur og innført risikoklassifisering av alle lån.

Risikoprofilen i utlånsporteføljen har endra seg lite i året. Engasjement (lån, garantiar, kredittar) med høg risiko, svært høg risiko eller misleghald utgjør om lag 17,0% av porteføljen ved utgangen av året mot 17,4% året før. Resterande 83% av porteføljen har ei risikoklassifisering frå moderat til svært låg. For eit år sidan var talet 82,6%. Banken overfører ein del bustadlån til SpareBank 1 Boligkreditt. Dette er godt sikra lån med liten risiko, og over tid vil banken få ein litt mindre andel av lån med låg risiko som følgje av det. I løpet av året er andelen lån til privatmarknaden auka frå 57,1% ved starten av året til 60,2% ved slutten av året. Risikomessig er dette ei positiv utvikling. Tala for lån til bedriftsmarknaden er tilsvarende redusert frå 42,9% til 39,8%. Dersom me reknar med overførte lån til boligkredittselskapet er fordeling privatmarknad (PM)/bedriftsmarknad (BM) 64/36. Banken har ei målsetting om å ha maksimalt 40% av utlånsengasjementa til bedriftsmarknaden.

Risikofordeling utlånsportefølje

2009		
Risikogruppe	Volum (1000 kr)	Fordeling
Svært låg	2 411 872	40,5%
Låg	845 141	14,2%
Middels	1 691 133	28,4%
Høg	291 565	4,9%
Svært høg	593 600	10,0%
Misleghald og nedskrive	127 505	2,1%
Sum 2009	5 960 816	100,0
2008		
Risikogruppe	Volum (1000 kr)	Fordeling
Svært låg	2 254 942	39,8%
Låg	775 685	13,7%
Middels	1 761 518	31,1%
Høg	316 223	5,6%
Svært høg	407 071	7,2%
Misleghald og nedskrive	151 702	2,7%
Sum 2008	5 667 142	100,0

For næringslivskundar utgjør engasjement med høgast risiko eller misleghald 26,6% av porteføljen (22% i 2008). Utviklinga viser ein auka andel engasjement med svært høg risiko, samstundes som misleghalde engasjement og engasjement med nedskrivning har gått litt ned.

Endringar i risikosamansetninga blir overvaka i banken sin risikorapport, og samla kredittrisiko blir vurdert til å vere på eit akseptabelt nivå, men med fokus på misleghalde lån.

Banken hadde ved siste årsskiftet 4 engasjement som overstig 10 prosent av konsernet sin netto ansvarlege kapital (69,7 mill. kroner). Eit av desse er banken sine dotterselskap. Engasjementa utgjorde 45,5% av netto ansvarleg kapital. Banken har til saman 60 engasjement over 10 mill. kroner som til saman utgjør 1.226 mill. kroner.

Banken hadde ved utgangen av 2009 i alt 944 næringslivskundar med ein gjennomsnittleg engasjementsstørrelse på 2,65 mill. kroner. Dette gir ei god risikospreiing.

For personkundar utgjør engasjement med moderat risiko eller lågare 90 prosent av volumet. Denne andelen er uendra det siste året. Misleghaldet i privatmarknaden har gått marginalt ned det siste året, og er lågt samanlikna med bedriftsmarknaden.

I banken sitt risikoklassifiseringssystem er det mogeleg å følgje endring i porteføljesamansetninga over tid – såkalla migrering. Den viser om porteføljen flyttar seg til betre risikoklassar, er uendra eller flyttar seg til dårlegare risikoklassar. Figuren under viser migrering i 2009 for alle utlån, kredittar og garantiar. Migrering ei risikoklasse tyder at lån har falle til ei lågare risikoklasse også kalla «negativ migrering».

Migrering mellom risikoklassar

Tal i heile 1000 kroner		
Migrering i 2009		
Betra/uendra risikoklasse	4 235 890	71,1
Migr. 1 risikoklasse per 12 md.	972 168	16,3
Migr. 2 risikoklassar per 12 md.	331 908	5,6
Migr. 3 risikoklassar per 12 md.	254 168	4,3
Migr. meir enn 3 risikokl. per 12 md.	166 682	2,8
Sum	5 960 816	100,0
«Positiv migrering»	1 511 755	25,3
«Negativ migrering»	1 725 790	28,9
Migrering i 2008		
Betra/uendra risikoklasse	4 253 211	75,1
Migr. 1 risikoklasse per 12 md.	789 837	13,9
Migr. 2 risikoklassar per 12 md.	286 272	5,1
Migr. 3 risikoklassar per 12 md.	235 764	4,2
Migr. meir enn 3 risikokl. per 12 md.	102 058	1,8
Sum	5 667 142	100,0
«Positiv migrering»	1 112 828	19,7
«Negativ migrering»	1 412 850	24,9

*) Migrering i % av total portefølje

Av tabellen ser me at flyttinga i porteføljen har jamna seg meir ut mellom «positiv» og «negativ» migrering. I året har ca. 25% av porteføljen fått ei betre risikoklassifisering, medan 29% har fått ei dårlegare klassifisering. Dette gjer at porteføljekvaliteten er litt dårlegare enn for eit år sidan. Tendensen ser ut til å vere at engasjement med risikoklassifisering middels eller dårlegare utviklar seg svakt negativt. Engasjement med dårleg risikoklassifisering blir overvaka og nedskrive dersom verdien på engasjementet fell.

I kjølvatnet av finanskrisa har banken det siste året hatt spesielt fokus på engasjement som kan gje banken tap. Det er etablert ei eigen gruppe som har hatt møte kvar månad der alle tapsutsette engasjement er gjennomgått i høve til risiko og følgd opp særskilt. Målet er å førebygge framtidige tap.

I 2010 er det venta og budsjettert med 6 mill. kroner i tap i utlånsporteføljen. Kredittrisikoen i verdipapirporteføljen er estimert til kr 129.800 i forventet tap når ein byggjer på gjennomsnittstal for misleghald over ein periode på 20 år. Styret vurderer samla kredittrisiko som tilfredsstillande.

Likviditetsrisiko

Likviditetsrisikoen er risikoen for at banken ikkje er i stand til å refinansiere si gjeld eller ikkje har evne til å finansiere ein auke i egedelar utan vesentlege ekstrakostnader. Styringa av banken sin finansieringsstruktur tek utgangspunkt i ein overordna policy for likviditetsstyring som blir gjennomgått og vurdert av styret minimum årleg. Banken har ein langsiktig fundingstrategi og søker å redusere likviditetsrisikoen ved å ha eit balansert forhold mellom langsiktige og kortsiktige innlån, spreiding til ulike marknader og låneinstrument. I tillegg legg banken vekt på å ha ein spreidd forfallsstruktur som reduserer refinansieringsrisikoen mest mogeleg.


Banken har eit behov for å hente pengar i marknaden til å finansiere differansen mellom innskot og utlån.

Sjølvsfinansieringsgraden har helde seg på eit bra nivå i 2009. Samla innlån i 2009 utgjer 250 mill. kroner som er refinansiering av forfalle innlån.

Likviditeten hadde spesiell fokus ved inngangen til året. Finanskrisa var i stor grad ei tillitskrise og sviktande tillit kan påverke finansmarknaden i betydeleg grad. Mange bankar sto rett og slett i fare for ikkje å få nye lån evt. få lån til ein svært høg pris. Etersom finanskrisa eskalerte prioriterte banken å ligge med mykje ledig likviditet for å unngå å ta opp nye lån. Utover i året betra tilliten i marknaden seg vesentleg, kredittpåslaget vart kraftig redusert og me nærma oss ei normalisering i finansmarknaden. I takt med normaliseringa i marknaden, kunne banken redusere nivået på ledig likviditet til meir normal storleik. Denne strategien har kosta banken ein del i form av tapt rentenetto, men gjorde sitt til at banken sto på stø grunn i turbulente tider.

Banken sin likviditetssituasjon per 31.12.09 er svært god som den også har vore gjennom året. Dette har gjort at banken ikkje har hatt behov for å refinansiere låneforfall. Ei ulempe i dette biletet er at andelen gjeld som forfell innan 1 år relativt sett aukar. Av banken sitt totale innlånsvolum skal 40% refinansierast i 2010. Likviditetssituasjonen ved utgangen av året gjer at mykje av lånegjelda som forfell i 2010 kan innfriast med egne midlar og med overføring av lån til Boligkreditt.

Banken har alle innlån i den norske marknaden fordelt på 5 obligasjonslån og 4 banklån. Innskot er konsernet si viktigaste finansieringskjelde og ved utgangen av 2009 er innskotsdekninga 72,2%.



Banken hadde ved utgangen av året unytta trekkrettar på 150 mill. kroner og oppgjerskredittar på 40 mill. kroner.

Operasjonell risiko

Operasjonell risiko er definert som risiko for feil og manglar som konsekvens av mangelfulle system, rutinar og kompetanse. Konkrete døme kan vere:

- Menneskeleg svikt og manglande kompetanse
- Svikt i IKT-system
- Uklar policy, strategi eller rutinar
- Kriminalitet og interne misleghald

Fagsjefane har ansvar for kvalitet innafor sine fagområde. Det blir gjennomført kvartalsvise kontrollhandlingar på kvart fagområde som blir rapportert til administrerande banksjef. Controllerfunksjonen er også tidlegare nemnd. I tillegg satsar SpareBank 1-alliansen og banken på kompetanseheving gjennom kontinuerleg tilbod om etterutdanning/vidareutdanning, sertifisering som SpareBank 1-rådgjevar og autorisasjon som finansiell rådgjevar (AFR).

Konsernet sin organisasjon

SpareBank 1 Hallingdal har ikkje hovudkontor. Bankverksemda blir drive frå fire likeverdige fullservice-kontor lokalisert i tettstadene Ål, Hemsedal, Gol og Fagernes. Dotterselskapet Hemsedal Regnskap AS er lokalisert i Hemsedal. EiendomsMægler 1 Geilo AS er lokalisert på Geilo.

Ved utgangen av året hadde konsernet 95 heil- og deltidstilsette. Samla årsverk ved utgangen av året var på 85 mot 80 årsverk året før.

Samla personalkostnader, inkludert pensjonskostnader og sosiale kostnader utgjorde 53,3 mill. kroner i 2009. Godtgjersle til administrerande banksjef, styret og andre tillitsvalde går fram av note 8.

Morbanken held i 2009 fram med si satsing på kompetanseheving. Banken har dei siste åra vore sterkt delaktig i å få på plass eit utdanningsprogram innafor alliansen, Læringshuset PM (privatmarknaden) og Læringshuset BM (bedriftsmarknaden). Implementeringa av Læringshuset PM er gjennomført og det er gjort eit stort kompetanseløft i banken på dette området dei fire siste åra. Ved utgangen av 2009 var heile 21 rådgjevarar sertifisert som SpareBank 1 Rådgjevar PM, og fleire er snart klare for sertifisering.

I 2008 vart det i bransjen godkjent ei ny autorisasjonsordning for finansielle rådgjevarar, som frå 2009 er inkludert i læringshuset PM. I 2009 har avdelingsbanksjefane og nokre av rådgjevarane gjennomført heile eller delar av autorisasjonen for finansielle rådgjevarar (AFR). Implementeringa av autorisasjonsordningen for finansiell rådgjeving vil gje banken eit kompetanseløft med større kunnskapsmessig profesjonalitet og dyktigheit i rådgjevinga overfor kundane. Banken har evna å implementere begge kompetanseløfta på ein god måte. Kompetanseløftet vil halde fram i dei komande åra.

Dei siste to åra har banken sett i verk implementeringa av læringshuset BM, som er eit utdanningsprogram i alliansen for bedriftsrådgjevarane som stadig blir vidareutvikla. Dette vil vere eit kontinuerleg kompetanseløft for bedriftsrådgjevarane dei komande åra. Den nye autorisasjonsordninga for finansielle rådgjevarar vil i stor grad også gjelde for mange av våre bedriftsrådgjevarar.

I løpet av 2009 har fleire tilsette delteke på vidareutdanningsprogram, i hovudsak innafor BI-systemet (Bedriftsøkonomisk Institutt).

Styret vurderer banken sitt arbeidsmiljø som tilfredsstillande. SpareBank 1 Hallingdal har eit eige Arbeidsmiljøutval. Arbeidsmiljøutvalet sine medlemmer og

verneomboda er gitt nødvendig opplæring. Banken er IA-bedrift (Inkluderande Arbeidsliv), og har medlemsavtale med Hallingdal og Valdres Bedriftshelseteneste (HAVA BHT). Bedriftshelsetenesta har hjulpet banken med HMS-arbeidet, bl.a. gjennom deltaking på AMU-møter, gjennomføring av arbeidsplassvurderingar og ergonomiopplæring, og er disponibel i samband med oppfølging av sjukefråvere m.m.

Den årlege klimaundersøkinga er gjennomført i 2009, og er følgd opp på alle nivå i banken. Banken sitt HMS-system er vidareutvikla i 2009.

For å få meir fokus og koordinering av sikkerheitsarbeidet i banken, er det i 2009 oppretta eit eige sikkerheitsutval. Det første målet er å få utarbeidd ny sikkerheitshandbok samt gjere prioriteringar i sikkerheitsarbeidet.

Sjukefråveret i banken er stabilt lågt og godt under gjennomsnittet i bransjen. I 2009 var samla sjukefråvære på 4,4% av total arbeidstid (mot 3,1% i 2008). Av dette var 3,5% legemeldt (mot 2,6% i 2008). Snittet for finansbransjen ligg på 4,4%. Legemeldt langtidssjukdom utgjorde 2,6%. Hemsedal Regnskap AS og EiendomsMegler 1 Geilo AS rapporterer også svært lågt sjukefråvere i året.

Legemeldt sjukefråvere	2009	2008
Morbank	3,5%	2,6%
Hemsedal Regnskap AS	1,5%	1,2%
EiendomsMegler 1 Geilo AS	0,0%	0,0%

Banken har registrert og meldt i frå om ei ulykke med personskade i arbeidsutførelse i 2009. Banken har ikkje vore utsett for ran i 2009.

I løpet av 2009 har banken fått 5 nye medarbeidarar i fast stilling eller lengre vikariat. Det har vore låg «turnover» i 2009. Totalt 3 personar i fast stilling har slutta. Av desse har 2 personar gått av med AFP-pensjon. Faktisk «turnover» utover AFP tilsvarar 1,3%.

Banken ønskjer å ha fokus på miljøet. Banken si verksemd forureinar ikkje det ytre miljøet direkte, men sidan banken har ei desentralisert organisering som ikkje har noko hovudkontor, blir det ein del reiseverksemd mellom avdelingskontora. I tillegg blir det ein del reising i samband med møteverksemd innan alliansen. Dette medfører ein del bilkøyning, som dei siste åra har hatt eit omfang på ca. 210.000-225.000 km. per år for morbanken. I 2009 kjøpte alle bankar i Sparebank 1-alliansen videokonferanseutstyr med ei konkret målsetting om å redusere reiseverksemda for å spare miljøet og effektivisere tidsbruken gjennom mindre reisetid. SpareBank 1 Hallingdal har kjøpt videokonferanseutstyr på alle kontora, som vert nytta til halde ein del interne, felles møter utan at deltakarane må reise.

Likestilling

I samsvar med krav i likestillingslova skal det i årsmeldinga gjerast greie for situasjonen i konsernet når det gjeld likestilling.

Tilsette i konsernet per 31.12.09 fordelte seg med 61% kvinner og 39% menn. Ved utgangen av 2009 hadde morbanken 79 tilsette tilsvarende 71 årsverk. I morbanken var fordelinga 61% kvinner og 39% menn. På leiarnivå er kvinneandelen i konsernet 33% og i morbanken 35%. I styret er samansetninga 4 menn og 3 kvinner.

Kjønnsfordeling	Morbank	Konsern
Kvinner	61%	61%
Menn	39%	39%
Tilsette	79	95
Årsverk	71,0	80,0

Gjennomsnittsalderen for tilsette i dotterselskapa er 45 år i Hemsedal Regnskap AS og 38 år i EiendomsMægler 1 Geilo AS. Gjennomsnittsalderen for tilsette i morbanken er 44 år. Gjennomsnittsalderen for kvinnene i morbanken er 42 år, mens det for kvinnelege leiarar er 47 år. Tilsvarende er gjennomsnittsalderen for menn i morbanken 46 år, medan det for mannlege leiarar er 45 år. Det er ikkje lønsforskjellar mellom kjønna i banken for medarbeidarar i same type stilling, men det kan vere stor lønsforskjell mellom stillingar ut frå stillingsinnhald og krav til kompetanse.

Arbeidstida er lik for begge kjønn, men kvinner ønskjer i større grad redusert arbeidstid enn menn. Banken har såleis ei overvekt av kvinner i deltidsstillingar.

Banken oppmuntrar og legg forholde til rette for kompetanseheving og rekruttering av kvinnelege tilsette i ledige leiarstillingar. Forholde blir lagt til rette blant anna gjennom fleksible arbeidstidsordningar, permisjonsordningar og utdanningsavtale. Store moglegheiter for å ta del i og ansvar for prosjekt og fagleg utvikling må og sjåast som eit ledd i banken sitt likestillingsarbeid.

Banken har som målsetjing å tilby dei kvinnelege medarbeidarane mogelegheit til å søkje banken om få plass på finansbransjen sitt leiarprogram for kvinner, Futura-programmet kvart tredje år.

Banken har i 2009 utøvd sitt virke i samsvar med diskrimineringslova si formålsparagraf om å fremme likestilling, sikre like høve og å hindre diskriminering som følgje av etnisitet, nasjonal opphav, avstamning, hudfarge, språk, religion og livssyn. Leiinga til banken er særleg merksam på dette for å sikre at ein ikkje diskriminerer ved rekruttering spesielt og i eksisterande tilsettingsforhold generelt på løns- og arbeidsvilkår og høve for forfremming og utvikling blant medarbeidarane.

Resultatet for 2009 i morbank

Driftsresultatet før tap og skatt i morbank vart 61,1 mill. kroner eller 1,07% av gjennomsnittleg forvaltningskapital.

I høve til 2008 er dette ein auke frå 45,1 mill. kroner, eller 0,83% av forvaltningskapitalen. Resultatveksten skuldast fleire tilhøve som blir kommentert i det følgjande.

Resultatet før skatt er på 54,4 mill. kroner og er 21,8 mill. høgare enn i 2008. Banken har i år bokført 6,6 mill. i tapskostnad, som i hovudsak er knytt til konstatering av tap. Resultat etter skatt enda på 39,2 mill. kroner mot 19,4 mill. i 2008. Dette gir ein eigenkapitalrentabilitet etter skatt på 5,5%.

Fjoråret inneheld ein del endringar i rentenivået. Norges Bank senka styringsrenta 4 gonger med til saman 1,75 prosentpoeng i starten på året og auka renta 2 gonger på hausten med til saman 0,5 prosentpoeng. Styringsrenta var 1,75% ved utgangen av året. Morbanken sine netto rente- og kredittprovisjonsinntekter enda på 100,4 mill. kroner, som tilsvarende ein rentenetto på 1,76% av gjennomsnittleg forvaltningskapital. Tilsvarende tal for 2008 var 113,5 mill. kroner og 2,08%. Banken sin rentenetto har vore ei utfordring i 2009. Det er spesielt to årsaker til dette. Den store rentereduksjonen frå Norges Bank si side i inngangen til året var med på å redusere rentenettoen fordi rentereduksjonen fekk større effekt på inntektssida enn på kostnadssida fordi renta fall til eit svært lågt nivå. Den andre årsaka skuldast prioritering av god likviditet gjennom året som ikkje er optimalt med tanke på netto renteinntekter. Rentemarginen er redusert frå 2,39% til 2,29% det siste året.

Medan morbanken i fjor bokførte negative inntekter frå eigarinteresser i konsernselskap pga. av finanskrisa, har 2009 vore positivt. Dotterselskap har samla sett gitt ei resultatbidrag på snaue 700.000 kroner. Utbytte på aksjar har gitt ca. 1,8 mill. kroner og utbytte frå Samarbeidende Sparebanker AS med 5,5 mill. kroner. Nettoforskjellen mellom 2008 og 2009 på denne posten er så mykje som 10 mill. kroner.


Sum netto andre driftsinntekter utgjorde 51,8 mill. kroner eller 0,91% av gjennomsnittleg forvaltningskapital. Av dette utgjorde netto provisjonsinntekter og inntekter frå banktjenester 34,5 mill. kroner, ein auke på 39% frå året før. God utvikling i provisjonsinntekter frå forsikring, samt aukande inntekter på lån overført til Boligkreditt og provisjonsinntekter frå valutalån bidreg til denne store auken. Banken si verdipapirportefølje gav ei samla avkastning på 6,5% i 2009. Ved utgangen av året hadde porteføljen ein urealisert gevinst på 4,9 mill. kroner.

Sum driftskostnader fall i 2009 med 1,1 mill. til 91,1 mill. kroner og utgjør 1,59% av gjennomsnittleg forvaltningskapital. Samanliknande tal for 2008 er 92,2 mill. kroner og 1,69%. Lønskostnadane aukar med 5,8% medan veksten i årsverk er på 2,6%. Årets kostnadsførte pensjonskostnader er ein del lågare enn i 2008 slik at samla vekst i lønskostnader endar på 2,8%.

Administrasjonskostnader har ein nedgang på 1,8 mill. kroner det siste året. Dette er gledeleg ettersom organisasjonen har hatt eit spesielt fokus på kostnader i 2009. På område som reklameartiklar, porto/frakt, kontorekvisita er kostnadane redusert i betydeleg grad. Dei andre driftskostnadane har også ein liten nedgang på

nesten 0,8 mill. kroner. Her er det kostnader til eksterne tenestekjøp og leige av lokale som i størst grad er med på redusere kostnadane.

Banken sin kostnadsprosent for 2009 vart 59,9% i høve til banken sine driftsinntekter. For 2008 var kostnadsprosenten 67,1, men då vart det gjennomført mykje avsetningar og nedskrivningar i balansen som hadde resultatteffekt.




Tap på utlån og garantiar er i 2009 bokført med 6,6 mill. kroner der mesteparten er tapskonstateringar. Konstaterte tap i året utgjer 6,4 mill.

Etter frådrag for skatt med 15,2 mill. kroner, vart resultatet av ordinær drift etter skatt i morbanken 39,2 mill. kroner mot 19,4 mill. kroner i 2008. Styret er godt nøgd med resultatet, sjølv om det er litt lågare enn forventa ved inngangen til året pga. reduksjon i rentenetto. Utviklinga innafør provisjonsinntekter og kostnader er svært positiv.

Årsoverskot og disponeringar

Styret foreslår følgjande disponeringar:

Årsoverskot av ordinær drift etter skatt	kr 39 206 000,-
Overført frå gåvefond	(kr 3 959 000,-)
Overført til sparebanken sitt fond	kr 29 406 000,-
Overført til gåvefond med ålmennyttige føremål	kr 13 759 000,-
Sum disponert	kr 39 206 000,-



Resultatet for 2009 i konsernet

Det er morbanken som utgjer dei største resultatpostane i konsernrekneskapen. Datterselskapa blir konsolidert inn i konsernrekneskapen med både inntekter og kostnader. Transaksjonar mellom selskapa blir eliminert. Konsernet sin resultatandel frå dei felleskontrollerte verksemdene Samarbeidende Sparebanker AS (SamSpar) og Samarbeidende Sparebanker Bankinvest AS blir inntektsført og evt. utbetalt utbytte eliminert for å ikkje å få dobbel verknad.

Eigedomsselskapa skal i utgangspunktet ha eit resultat tilnærma i balanse og skal såleis ha liten netto innverknad på konserntala, men det vil virke inn på dei ulike resultatpostane. I 2009 har dei fleste datterselskap eit positivt resultat.

Resultatet frå SpareBank 1 Gruppen blir innarbeidd etter eigenkapitalmetoda i konsernrekneskapen gjennom Samarbeidende Sparebanker AS (SamSpar). SpareBank 1 Gruppen sitt førebels resultat etter skatt for 2009 er på 881 mill. kroner for året. Banken sin andel av dette utgjer 10,5 mill. kroner.

SpareBank 1 kjøpte Glitnir Bank hausten 2008. SamSpar sin eigardel er lagt inn i selskapet Samarbeidende Sparebanker Bankinvest AS. Banken sin resultatandel frå dette selskapet utgjer 14,1 mill. kroner. Ein del av denne resultatet kjem frå inntektsføring av badwill frå kjøpet. Det samla bidraget frå alliansen inn konsernrekneskapen i 2009, er betydeleg. Året før var situasjonen motsett då ein større del vart utgiftsført.

Driftsresultatet før tap og skatt i konsernet vart 81,0 mill. kroner, ein kraftig auke frå 2008 då resultatet vart 37,3 mill. kroner. Resultatet før skatt er 74,4 mill. kroner mot 22,7 mill. i 2008.


Resultat etter skatt enda på 58,4 mill. kroner mot 9,9 mill. i 2008. Dette gir ein eigenkapitalrentabilitet etter skatt på 8,0% mot 1,4% i 2008.

Balansen

Konsernet hadde ved utgangen av 2009 ein forvaltningskapital på 5,738 mill. kroner, som er ein reduksjon på 114 mill. kroner eller 2% frå utgangen av 2008. Konsernet fekk tilført kapital i året gjennom auke i innskott frå kundar på 234 mill. kroner eller 7,2%. Samstundes er kapitalen redusert gjennom reduksjon i innlån på 410 mill. kroner (-22,5%).

Reduksjonen i forvaltningskapitalen skuldast at i 2008 fekk banken tilført mykje kapital gjennom høg innskotsvekst. Denne kapitalen kunne vore nytta til å redusere lånegjelda, men strategien var å prioritere god likviditet. Strategien var med på å «blåse opp» balansen ved årsskiftet i 2008.

Forvaltningskapital (mill. kr), konsern



Brutto utlån auka 268,7 mill. kroner, eller 6,0% i 2009. Veksten i 2008 var 1,1%. Fordelinga mellom lån til personmarknaden og bedriftsmarknaden var ved utgangen av året 60,2% og 39,8% av banken si samla utlånsmasse. Målsettinga er å halde lån til næringslivet under 40% av banken sine samla utlån inkl. Boligkreditt.

Ved årsskiftet hadde banken overført bustadlån til SpareBank 1 Boligkreditt AS for ca. 459 mill. kroner. Når lån blir overført til boligkredittselskapet, går dei også ut av banken sin balanse. Dette forklarar noko av den beskjedne utlånsveksten i 2009. Tek me omsyn til overføringar er reell utlånsvekst 8,4%.

Banken hadde ved årsskiftet fastrenteutlån på til saman 172,2 mill. kroner i eigne bøker. Fastrente-utlåna er delvis sikra gjennom rentebytteavtalar medan ein stor del inngår i banken sin samla renterisiko.

Tapsavsetningane er om lag uendra i året frå 26,5 mill. til 26,0 mill., ein nedgang på 1,8%.


Individuelle nedskrivningar utgjer 9,1 mill. kroner ved utgangen av 2009 og er ein auke på 1,8 mill. kroner frå året før. Brutto misleghalde engasjement over 90 dagar utgjer 63,0 mill. kroner, mot 144,4 mill. i 2008. Misleghaldet utgjer 1,32% av brutto utlån og har gått mykje ned i året. Samstundes er ein større andel av utlån tapsmerka.

Avsetningsgrad for misleghalde engasjement er 5,9% og for andre tapsutsette engasjement 14,0%. I 2008 var avsetningsgraden til samanlikning 3,4% og 34,0%. Ettersom avsetningar er på om lag same nivå skuldast endringane i forholdstala endringar i nivået på misleghald og tapsmerking.

Gruppevis nedskrivningar utgjer 16,9 mill. kroner ved utgangen av året og er redusert med 2,3 mill. frå 2008 då det vart gjennomført ekstra nedskrivningar etter påtrykk frå Finanstilsynet (tidlegare Kredittilsynet) utan at desse vart knytt til spesifikke engasjement. I løpet av året er ein del av desse avsetningane flytta over på spesifikke engasjement.

Utlån og garantiar fordelt på sektorar og risiko er nærare omtala i note 3.


Innskotsdekning (%), morbank



Banken har hatt fokus på å oppretthalde god innskotsdekning i urolige tider. Virkemiddelet har vore gode innskotsvilkår, spesielt gjennom Puls-kontoen. Denne strategien har vist seg vellykka, og redusert innlånsbehovet i betydeleg grad.

Etter forslag til avsetningar utgjer konsernet sin eigenkapital ved utgangen av året 756 mill. kroner. Konsernet si kapitaldekning er 15,53%, lovkravet er minimum 8%.

Eigenkapital (mill. kr), konsern



I samsvar med lov om årsrekneskap m.v. § 3-3a, stadfestar styret at føresetnadane for fortsett drift er til stades, og årsrekneskapen er sett opp etter denne føresetnaden.

Dotterselskap

Alle dotterselskapa med unntak av EiendomsMegler 1 Geilo AS er heileigde av morselskapet.

Hemsedal Regnskap AS vart stifta i 1984. Selskapet leverer rekneskapstenester og rådgjeving til næringslivet i området, og er det einaste lokale rekneskapsfirma med ein viss storleik i Hemsedal. Ved årsskiftet hadde selskapet 11 fast tilsette. Hemsedal Regnskap AS hadde eit resultat etter skatt i 2009 på kr 204.000 mot kr 13.000 i 2008.

EiendomsMægler 1 Geilo AS vart stifta i 2000. SpareBank 1 Hallingdal kjøpte i 2007 85% av aksjane i selskapet. Selskapet driv eigedomsmekling på Geilo og er ein svært profilert meklar av fritidsbustader i Noreg. Selskapet har 4 tilsette. Resultatet for 2009 viser eit overskot på kr 222.000 etter eit år der aktiviteten etter kvart har teke seg opp etter eit labert 2008 der selskapsresultatet var eit underskot på kr 305.000.

SpareBank 1 Hemsedal Eigedom AS driv med utleige og drift av fast eigedom og driftslausøyre. Selskapet vart stifta i 2004, og har ingen fast tilsette. Selskapet leiger ut lokale til banken i Hemsedal, Hemsedal Regnskap AS og nokre eksterne leigetakarar. Resultat etter skatt i 2009 vart eit overskot på kr 742.000 mot eit underskot på kr 660.000 i 2008.

SpareBank 1 Gol Eigedom AS driv med utleige og drift av fast eigedom. Selskapet vart stifta i mai 2005, og har ein fast tilsett. Selskapet leiger ut lokale til banken i Gol og EiendomsMægler 1. Resultatet etter skatt i 2009 vart eit overskot på kr 418.000. I 2008 var overskotet på kr 289.000.

SpareBank 1 Ål Eigedom AS driv med utleige og drift av fast eigedom. Selskapet vart stifta i 2006, og har ingen fast tilsette. Selskapet leiger ut lokale til banken på Ål, og til nokre eksterne leigetakarar i underetasjen i Ålingen kjøpesenter. Resultatet i 2009 vart eit overskot på kr 258.000 mot eit underskot på kr 289.000 i 2008.

SpareBank 1 Hallingdal Invest AS har som føremål å investere i verksemdar. Selskapet vart stifta i 1982 som eit eigedomsselskap, men endra namn og føremål i 2006 etter at selskapet sin eigedom vart overført til det nystarta selskapet SpareBank 1 Ål Eigedom AS. Selskapet har ingen fast tilsette. I 2009 kjøpte selskapet eit tomteområde på Flå der målet er å utvikle det for sal til utbyggjarar. Resultatet etter skatt i SpareBank 1 Hallingdal Invest AS i 2009 vart eit underskot på kr 52.000 mot eit overskot på kr 1.822.000 i 2008 etter sal av Torpomoen.

Utsiktene for 2010

Økonomane har til dels svært ulike oppfatningar rundt den økonomiske utviklinga i 2010. Styret forventar eit betre resultat etter skatt samanlikna med 2009 ut frå følgjande hovudtrekk for SpareBank 1 Hallingdal:

God, men moderat utlånsvekst. I personkundemarknaden er det framleis optimisme, men høgare rentenivå og mogelege innstrammingar frå Finanstilsynet kan dempe utlånsveksten ytterlegare. I bedriftsmarknaden forventar me ein låg utlånsvekst – då bedriftene avventar nye investeringar til etterspørselsveksten etter sine produkt og tenester er meir synleg. Banken opnar nytt kontor på Geilo våren 2010. Målet er å ta nye marknadsdelar og dermed bidra til auka utlånsvekst. Banken opnar også opp for å ta inn nye bedriftskundar og bedriftskundar i Valdres. Dette vil også påverke utlånsveksten i positiv retning.

Banken ventar ein uendra eller svak auke i rentemarginen. Betre risikoprising og generell auke i rentenivået vil påverke rentemarginen i positiv retning. Banken ventar framleis god vekst i netto provisjonsinntekter gjennom god respons på fordelsprogramma som gir større breidde i sal av andre produkt.

Kostnadane skal haldast på 2009-nivå. Dette inkluderer tapskostnader, men det er knytt noko usikkerheit til tapsnivået i 2010. Banken har arbeidd med å identifisere utsette næringslivsengasjement, og har auka dei individuelle tapsavsetningane i 2009. Banken er avhengig av å kunne snu nokre av dei utsette engasjementa dersom tapskostnadene ikkje skal overstige 2009.

Styret ønskjer å takke banken sine tilsette for innsatsen gjennom 2009. Solid innsats i alle ledd i organisasjonen har gitt banken eit godt utgangspunkt for 2010. Styret vil også takke kundar, tillitsvalde og andre forbindelsar som er viktige for banken si verksemd og framleis sterke posisjon i marknaden.

Ein syner elles til rekneskapen med noter.

Hallingdal, den 31. desember 2009 / 18. februar 2010

Kjell Vidar Bergo (sign.)
styreformann

Kjell R. Kristiansen (sign.)

Sissel Bjørøen (sign.)

Cathrine Fegth (sign)

Mikael Fønhus (sign.)

Berit Heitmann (sign.)

Vidar Isungset (sign.)

Knut Oscar Fleten (sign)
adm. banksjef

Erklæring i samsvar med lov om verdipapirhandel § 5-6

Styret og dagleg leiar har i dag handsama og godkjent årsmelding og årsrekneskap for SpareBank 1 Hallingdal, konsern og morselskap, for kalenderåret 2009 og per 31.12.09.

Rekneskapen er avlagt i samsvar med norske opplysningskrav som følgjer av rekneskapslova, og som skal nyttast per 31.12.09. Det ligg ikkje føre transaksjonar gjennomført av nærstående som har hatt vesentleg innverknad på verksemda si stilling eller resultat i løpet av rapporteringsperioden.

Me stadfester at årsrekneskapen og årsmeldinga etter vår beste overtyding er utarbeidd i samsvar med gjeldande reknekapstandardar og at opplysningane i rekneskapen gir eit rettvisande bilete av banken og konsernet sine eigedelar, gjeld, finansielle stilling og resultat som heilheit.

Me stadfestar at årsmeldinga gir ein rettvisande oversikt over utviklinga, resultatet og stillinga til banken og konsernet, saman med ei skildring av dei mest sentrale risiko- og usikkerheitsfaktorar føretaket står overfor.

Hallingdal, den 31. desember 2009 / 18. februar 2010

Kjell Vidar Bergo (sign.) Kjell R. Kristiansen (sign.) Sissel Bjørøen (sign.)
styreformann

Cathrine Fegth (sign) Mikael Fønhus (sign.) Berit Heitmann (sign.)

Vidar Isungset (sign.) Knut Oscar Fleten (sign)
adm. banksjef

Hovudtal morbank

Beløp er i heile 1000 kroner

Resultatsamandrag (heile tusen kroner)	2009	%	2008	%
Netto rente- og provisjonsinntekter	100 427	1,76	113 459	2,08
Sum andre inntekter	51 762	0,91	23 858	0,44
Sum inntekter	152 189	2,67	137 317	2,52
Sum driftskostnader	91 108	1,59	92 198	1,69
Resultat før tap	61 081	1,07	45 119	0,83
Tap på utlån, garantiar mv.	6 661	0,12	12 537	0,23
Nedskr./reversering av nedskr. og gev./tap på vp.	0	0	0	0
Resultat etter tap	54 420	0,95	32 582	0,60
Skattekostnad	15 214	0,27	13 149	0,24
Resultat	39 206	0,69	19 433	0,36
Lønsemnd				
Eigenkapitalavkastning etter skatt	5,51%		2,79%	
Kostnadsprosent	59,87%		67,14%	
Balansetal				
Brutto utlån til kundar	4 867 279		4 615 508	
Brutto utlån til kundar inkl. SpareBank 1 Boligkreditt	5 326 506		4 939 255	
Innskot frå kundar	3 513 281		3 279 502	
Innskotsdekning	72,18%		71,05%	
Utlånsvekst (brutto) siste 12 mnd.	5,45%		1,07%	
Utlånsvekst inkl. SpareBank 1 Boligkreditt	7,84%		8,11%	
Innskotsvekst siste 12 mnd.	7,13%		21,94%	
Gjennomsnittleg forvaltningskapital	5 714 250		5 454 751	
Forvaltningskapital	5 696 280		5 844 066	
Tap og misleghald				
Tapsprosent utlån	0,14%		0,27%	
Misleghalde eng. i % av brutto utlån	1,29%		3,13%	
Andre tapsutsette eng. i % av brutto utlån	1,42%		0,38%	
Soliditet				
Kjernekapitaldekning	16,96%		17,80%	
Kapitaldekning	16,96%		17,80%	
Kjernekapital	711 455		677 656	
Netto ansvarleg kapital	711 455		677 656	
Berekningsgrunnlag kredittrisiko Basel II	3 942 485		3 573 377	
Totalt kapitalkrav Basel II	335 598		304 572	
Kontor og tilsette				
Kontor	4		4	
Årsverk i bankdrifta	71,0		69,2	

Resultatrekneskap

Tal i tabellar er i heile 1000 kroner

	Note	2009 Morbank	2009 Konsern	2008 Morbank	2008 Konsern
Renteinntekter og liknande inntekter					
Renter og liknande innt. av utlån til og fordr. på kred.inst.		9 921	10 276	19 181	19 440
Renter og liknande innt. av utlån til og fordr. på kundar		229 850	226 548	343 325	336 980
Renter og likn. innt. av sertifi., obl. og and. renteb. v.pap.	1	7 163	7 163	14 558	14 558
Andre renteinntekter og liknande inntekter		3 081	3 081	251	253
Sum renteinntekter og liknande inntekter		250 015	247 068	377 315	371 231
Rentekostnader og liknande kostnader					
Renter og liknande kostn. på gjeld til kred.institusjonar		13 758	13 829	24 543	24 600
Renter og liknande kostn. på innsk. frå og gjeld til kundar		85 272	85 025	145 250	144 990
Renter og liknande kostn. på utstedte verdipapir		47 888	47 888	93 247	93 247
Andre rentekostnader og liknande kostnader		2 670	2 670	816	816
Sum rentekostnader og liknande kostnader		149 588	149 412	263 856	263 653
NETTO RENTE- OG KREDITTPROVISJONSINNTEKTER		100 427	97 656	113 459	107 578
Utbytte og andre innt. av v.pap. med var. avkastning					
Inntekter av aksjar, andelar og andre verdipapir med var. avkast.	2	1 813	1 813	2 602	2 602
Inntekter av eigarinteresser i tilknytt selskap	2	5 484	24 714	-	-9 514
Inntekter av eigarinteresser i konsernselskap	2	671	-	-4 672	-
Sum utbytte og andre inntekter av v.pap.med var. avkastning		7 968	26 527	-2 070	-6 912
Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester					
Garantiprovisjon	5	1 097	1 097	1 168	1 168
Andre gebyr og provisjonsinntekter	6	35 301	42 227	25 972	25 972
Sum provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester		36 398	43 324	27 140	27 140
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester					
Andre gebyr og provisjonskostnader		1 893	1 885	2 254	2 254
Netto verdiendr, gev./-tap på val. og v.papir som er oml.m.					
Nto verdiendr., gev./-tap på sertifikat, obl.og andre renteb. v.pap.		464	464	411	411
Nto verdiendr., gev./-tap på aksjar og and. v.pap. med var.avkastn.		5 633	5 633	-3 528	-3 528
Nto verdiendr., gev./-tap på valuta og finansielle derivater	12	1 033	1 033	2 288	2 288
Sum nto verdiendr, gev./-tap på val. og v.papir som er oml.m.		7 130	7 130	-829	-829
Andre driftsinntekter					
Driftsinntekter faste eigedomar	4	96	735	77	-43
Andre driftsinntekter		2 063	10 112	1 794	14 390
Sum andre driftsinntekter		2 159	10 847	1 871	14 347
SUM ANDRE INNTEKTER		51 762	85 943	23 858	31 492
SUM NETTO DRIFTSINNTEKTER		152 189	183 599	137 317	139 070
Løn og generelle administrasjonskostnader					
Løn m.v.	8a	32 748	40 669	30 959	37 917
Pensjonar	9	5 355	5 851	6 036	6 628
Sosiale kostnader		5 736	6 737	5 646	6 500
Administrasjonskostnader		25 681	25 681	27 519	27 539
Sum løn og generelle administrasjonskostnader		69 520	78 938	70 160	78 584

	Note	2009 Morbank	2009 Konsern	2008 Morbank	2008 Konsern
Avskrivinger m.v. av varige dr.middel og immatr. eigned.					
Ordinære avskrivinger	4	1 652	7 020	1 338	7 124
Andre driftskostnader					
Driftskostnader faste eiendomar		34	737	150	1 542
Andre driftskostnader	7	19 902	15 875	20 550	14 515
Sum andre driftskostnader		19 936	16 612	20 700	16 057
SUM DRIFTSKOSTNADER		91 108	102 570	92 198	101 765
DRIFTSRESULTAT FØR TAP		61 081	81 029	45 119	37 305
Tap på utlån og garantier					
Tap på utlån	3	6 661	6 661	12 537	12 537
Sum tap på utlån, garantier m.v.		6 661	6 661	12 537	12 537
Nedskrivning/reversering av nedskrivning og gevinst/tap på verdipapir som er anleggsmidler					
Nedskrivning/reversering av nedskrivning	2	-	-	-	4 000
Gevinst/tap		-	-	-	-1 882
Sum nedsk/rev av nedsk og gev/tap på vp som er anl.m.		-	-	-	2 118
RESULTAT FØR SKATTEKOSTNAD		54 420	74 368	32 582	22 650
Skatt på ordinært resultat	14	15 214	15 933	13 149	12 775
RESULTAT AV ORDINÆR DRIFT ETTER SKATT		39 206	58 435	19 433	9 875
Minoritetsandel av resultatet			33		-45
RESULTAT FOR REKNESKAPSÅRET		39 206	58 402	19 433	9 920
Overføringer og disponeringar					
Overføringer					
Overført frå gåvefond		3 959			
Overført til sparebanken sitt fond	15	29 406		14 576	
Overført til gåvefond og/eller gaver		13 759		4 857	
SUM DISPONERINGAR		39 206	-	19 433	-

Balanse per 31. desember 2009

Tal i tabellar er i heile 1000 kroner

EIGEDELAR	Note	2009 Morbank	2009 Konsern	2008 Morbank	2008 Konsern
Kontantar og fordringar på sentralbankar		37 803	37 803	142 792	142 792
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar		357 107	357 154	679 490	679 596
<i>Utlån til og fordringar på kundar</i>					
Kasse-/drifts- og brukskredittar		1 230 768	1 229 400	981 301	980 241
Byggjelån		193 889	193 889	325 949	325 949
Nedbetalingslån		3 442 622	3 359 774	3 308 258	3 208 179
Sum utlån før nedskrivning		4 867 279	4 783 063	4 615 508	4 514 369
- Individuelle nedskrivningar	3	9 135	9 135	7 305	7 305
- Gruppevise nedskrivningar	3	16 900	16 900	19 200	19 200
Sum netto utlån og fordringar på kundar		4 841 244	4 757 028	4 589 003	4 487 864
<i>Sertifikat, obligasjonar og andre rentebær. verdipapir m/fast avkastning</i>					
Utstedt av det offentlege – Sertifikat og obligasjonar		122 171	122 171	116 280	116 280
Utstedt av andre – Sertifikat og obligasjonar		141 634	141 634	127 718	127 718
Sum sertifikat, obl. og andre rentebærande verdipapir	1	263 805	263 805	243 998	243 998
<i>Aksjar og andre verdipapir m/var. avkastning</i>					
Aksjar, andelar og grunnfondsbevis	2	78 705	79 797	63 797	64 790
Andelar i ansvarlege selskap, kommandittselskap m.v.	2	1 085	1 085	1 055	1 055
Sum aksjar og andre verdipapir m/var. avkastning		79 790	80 882	64 852	65 845
Eigarinteresser i tilknyttta selskap	2	48 761	86 233	48 761	66 039
Eigarinteresser i konsernselskap	2	23 217	-	22 546	-
<i>Immaterielle eigedelar</i>					
Goodwill	4	-	10 301	-	11 621
Utsett skattefordel	14	1 230	3 636	298	3 085
Sum immaterielle eigedeler		1 230	13 937	298	14 706
<i>Varige driftsmiddel</i>					
Maskinar, inventar og transportmidlar		3 960	8 093	3 459	8 880
Bygningar og andre faste eigedomar		2 574	88 722	2 052	89 496
Andre varige driftsmidlar		3 586	3 586	3 645	3 645
Sum varige driftsmiddel	4	10 120	100 401	9 156	102 021
Andre eigedelar		6 147	6 147	10 513	10 513
<i>Forskotsbetalingar og opptente ikkje mottekne inntekter</i>					
Opptente ikkje mottekne inntekter		17 391	18 867	23 183	23 179
Overfinansiering av pensjonsforpliktingar	9	8 946	9 409	8 232	8 648
Andre forskotsbetalte ikkje påløpte kostnader		719	6 416	1 242	6 776
Sum forskotsbetalingar og opptente ikkje mottekne inntekter		27 056	34 692	32 657	38 603
SUM EIGEDELAR	10,11	5 696 280	5 738 082	5 844 066	5 851 977

GJELD OG EIGENKAPITAL		2009	2009	2008	2008
	Note	Morbank	Konsern	Morbank	Konsern
GJELD					
Gjeld til kredittinstitusjoner		392 000	392 908	392 000	392 919
Innskot frå og gjeld til kundar					
Innskot frå og gjeld til kundar utan avtalt løpetid		3 356 300	3 350 267	3 085 211	3 078 882
Innskot frå og gjeld til kundar med avtalt løpetid		156 981	156 981	194 291	194 291
Sum innskot frå og gjeld til kundar		3 513 281	3 507 248	3 279 502	3 273 173
Gjeld stifta v/utsteding av verdipapir		1 014 603	1 014 603	1 424 449	1 424 449
Anna gjeld					
Finansielle derivater		9	9	-	-
Anna gjeld		24 953	30 241	30 881	20 022
Sum anna gjeld		24 962	30 250	30 881	20 022
Påløpte kostnader og forskotsbetalte inntekter		16 900	16 900	19 818	22 472
Avsetningar for påløpte kostnader og forpliktingar					
Pensjonsforpliktingar		15 407	16 425	13 489	14 542
Utsett skatt		-	3 831	-	3 878
Andre avsetningar for påløpte kostnader og forpliktingar		-	-	46	46
Sum avsetningar for påløpte kostnader og forpliktingar		15 407	20 256	13 535	18 466
SUM GJELD		4 977 153	4 982 165	5 160 185	5 151 501
Minoritetsinteresser			237		204
EIGENKAPITAL:					
Opptent eigenkapital					
Fond for vurderingsulikheiter		-	37 472	-	17 278
Sparebanken sitt fond		704 905	704 905	675 500	675 500
Gåvefond		14 222	14 222	8 381	8 381
Anna eigenkapital		-	-919	-	-887
Sum opptent eigenkapital		719 127	755 680	683 881	700 272
SUM EIGENKAPITAL		719 127	755 680	683 881	700 272
SUM GJELD OG EIGENKAPITAL		5 696 280	5 738 082	5 844 066	5 851 977
POSTAR UTANOM BALANSEN					
Betinga forpliktingar					
Garantiar		5	626 080	591 383	591 383

Hallingdal, den 31. desember 2009 / 18. februar 2010

Kjell Vidar Bergo (sign.) Kjell Kristiansen (sign.) Sissel Bjørøen (sign.)
Styreformann

Berit Heitmann (sign.) Mikael Fønhus (sign.) Cathrine Fegth (sign.) Vidar Isungset (sign.)

NOTER TIL KONSERNREKNESKAPEN 2009

Tal i tabellar er i heile 1000 kroner

Rekneskapsprinsipp

Dei nytta rekneskapsprinsippa er omtala under dei enkelte noter. Banken har ikkje leasingavtaler eller factoringavtaler.

Konsolidering

Konsernrekneskapa som er lagt fram omfattar SpareBank 1 Hallingdal, samt banken sine heileigde dotterselskap Hemsedal Regnskap AS, SpareBank 1 Hallingdal Invest AS, SpareBank 1 Hemsedal Eigedom AS, SpareBank 1 Gol Eigedom AS og SpareBank 1 Ål Eigedom AS, samt EiendomsMegler 1 Geilo med 85% eigarandel.

Interne føringar og mellomværande mellom banken og dei nemnde dotterselskapa blir eliminert.

INNHALD

- | | |
|---|--|
| 1. Obligasjonar og andre renteberande verdipapir morbank | 8. a. Tillitsvalte og tilsette
b. Ekstern revisjon |
| 2. Aksjar, aksjefond og grunnfondsbevis
Felles kontrollert verksemd
Tilknytt selskap | 9. Pensjonsforpliktingar |
| 3. a. Risikoklassifisering av utlånsporteføljen
b. Prinsipp for vurdering av engasjement
c. Tap på utlån
d. Utlån fordelt etter næring og geografi
e. Aldersfordeling på forfalte,
men ikkje nedskrevne utlån
f. Verkeleg verdi utlån | 10. Finansiell risikokommentar |
| 4. Varige driftsmidlar – avskrivningar | 11. Likviditetsrisiko |
| 5. Garantiar og andre betinga forpliktingar | 12. Finansielle derivat – BmB |
| 6. Prinsipp for periodisering av provisjon, gebyr m.v. | 13. Gjeld |
| 7. Andre driftskostnader | 14. a. Opplysningar om grunnlaget for
utrekning av betalbare skattar
b. Utsett skatt |
| | 15. a. Eigenkapital
b. Kapitaldekning
c. Kontantstraumanalyse |

Note 1: Obligasjonar og andre renteberande verdipapir morbank

Heile obligasjonsporteføljen er klassifisert som bankportefølje, og er børsnoterte verdipapir. Obligasjonar er vurdert til det lågaste av marknadsverdi (børskurs 31.12) og kostpris. Porteføljeprinsippet er nytta. Ut frå dagleg gjennomsnittleg verdipapirbeholdning for obligasjonar/ansvarlege lån på kr 247 mill. utgjer avkastninga 2,13%. Behaldninga av obligasjonar er sett saman slik:

Obligasjonar/ansvarlege lån morbank	Risikoklasse	Bokført verdi	Marknadsverdi
Børsnotert			
Bokført verdi av obligasjonar fordelt på følgjande risikoklassar:			
Utstedt av det offentlege	0%	122 171	122 085
Utstedt av andre	20%	46 650	45 899
	50%	6 835	6 990
	100%	10 891	11 025
Kredittføretak	20%	77 258	77 806
		263 805	263 805
Porteføljenedskrivning			
Sum obligasjonar / ansvarlege lån morbank		263 805	263 805

Rentefølsemd på verdipapir

Verdiportefølja til banken hadde ved slutten av året ei rentefølsemd rekna til 583 ved 1%-poeng renteendring. Fastsett ramme for rentefølsemd er 6.900 v/1%-poeng renteendring. Plasseringane er innanfor fastsett ramme.

Ansvarleg lånekapital

Ansvarleg lån i kredittinstitusjonar	2 310
Ansvarleg lånekapital bokført under utlån	2 362
Sum ansvarleg lånekapital	4 672

NOTE 2: Aksjar, aksjefond og grunnfondsbevis

Behaldninga er klassifisert som bankportefølje (kortsiktig) og anleggsporfølje. Behaldninga er vurdert til det lågaste av marknadsvardi (børsverdi 31.12) og kostpris for porteføljane.

Nedskrivning blir gjort dersom marknadsvardi for porteføljen er lågare enn kostpris.

Aksjar:	Antal aksjar	Bokført verdi	Marknadsvardi
Acergy S.A.	11 050	641	1 013
Aker Solutions ASA	5 300	309	400
Atea ASA	8 900	262	445
Austevoll Seafood ASA	7 500	131	271
BWG Homes	10 000	155	170
Cermaq ASA	4 000	91	224
Copeinca ASA	10 000	285	466
Data Respons	23 000	261	205
DnB NOR Asa	17 959	927	1 127
Fred Olsen Energy ASA	1 960	412	435
Golden Ocean Group	13 000	198	137
Kongsberg Gruppen ASA	2 000	146	177
Lerøy Seafood Group ASA	1 000	82	105
Marine Harvest ASA	70 000	144	296
Norsk Hydro ASA	13 850	450	675
Norwegian Air Shuttle	1 800	272	207
Orkla ASA	6 150	323	350
Pronova BioPharma ASA	15 000	283	264
Prosafe	13 730	427	506
Protector Forsikring ASA	38 000	303	361
Renewable Energy Corporation	8 200	624	367
Royal Caribbean Cruise Ltd	3 500	379	516
SalMar ASA	4 000	124	184
Schibsted ASA	3 133	280	408
SeaDrill Limited	7 550	657	1 117
Sparebank 1 Eiendomsinvest AS	28 200	2 820	1 960
Statoil ASA	8 082	1 066	1 170
Stolt-Nielsen SA	1 190	138	95
Storebrand	13 000	318	514
Subsea 7 Inc	6 400	526	615
Tandberg ASA	182	28	30
Telenor ASA	20 550	1 328	1 666
TGS Nopec Geophysical	6 500	338	681
Vizrt	14 500	312	362
Yara International ASA	4 690	959	1 237
Sum aksjar		15 999	18 756
Aksjefond:			
Alfred Berg Global Quant	68 369	12 344	13 489
Alfred Berg Nordic Best Selection	7 946	2 330	1 610
Sum aksjefond		14 674	15 099
Porteføljenedskrivning		-860	
Sum kortsiktig plassering morbank		29 813	33 855
Anleggsaksjar:	Antal aksjar	Bokført verdi	
Eiendomsmegleren Ringerike Hadeland AS	148	3 553	
Nordito AS	17 910	959	
Orkla ASA	1 664	178	
Spama AS	130	11	
SpareBank 1 Boligkreditt AS	218 760	32 835	
SpareBank 1 Næringskreditt AS	87 649	10 956	
Visa Inc. A-aksjar	303	130	

Visa Inc. C-aksjar	707	303
Ål Skisenter AS	40	50
Nedskrivningar		-83
Sum anleggsaksjar morbank		48 892

Sum aksjar og grunnfondsbevis morbank 78 705

Aksjar	Bokført verdi
Anleggsaksjar 01.01	27 291
Tilgang	21 701
Avgang	-159
Endring i nedskrivningar	59
Anleggsaksjar 31.12 morbank	48 892

Felleskontrollert verksemd

Felleskontrollerte verksemd er klassifisert saman med tilknytt selskap. Felleskontrollerte verksemd blir ført til kostpris i morbank. I konsernrekneskapen blir resultatet innarbeidd iht. eigenkapitalmetoden.

Selskap	Eigarandel	Selskapskapital
Samarbeidende Sparebanker Bankinvest AS	7,500	4 500
Balanseverdi 31.12		4 500
Balanseverdi 01.01 konsern		4 763
Resultat andel		14 159
Balanseverdi 31.12 konsern		18 922

Selskapet eig 20% av BN Bank. Rekneskapen er basert på internasjonale reglar (IFRS), då det ikkje har vore mogleg å framskaffe tall i hht. god norsk rekneskapsskikk. Det er ikkje vesentlege forskjellar på tala som følgje av at IFRS er nytta. Ved oppkjøpet var kostpris lågare enn balanseført eigenkapital. Banken sin andel av denne badwillen, var på kr 31 170 000. Badwillen blir inntektsført over 3 år. Av badwillen er kr 10 385 025 inntektsført i 2009. Gjenverande badwill til inntekstføring er kr 20 554 975.

Selskap	Eigarandel	Selskapskapital
Samarbeidende Sparebanker AS	6,250	37 616
Balanseverdi 31.12		44 261
Balanseverdi 01.01 konsern		61 276
Utbytte		-5 484
Verdiregulering i året		964
Resultat andel		10 563
Balanseverdi 31.12 konsern		67 319

Selskap	Land	Eigedelar	Gjeld	Eigenkapital	Inntekter	Resultat
Samarbeidende Sparebanker AS	Norge	1 070 489	48 665	1 021 824	28 117	171 815
Samarbeidende Sparebanker Bankinvest AS	Norge	252 277	-	252 277	187 234	187 234

Verdi

Verdiregulering skuldast innarbeiding av urealiserte gevinstar i livsforsikringsselskap. God rekneskapsskikk i Noreg er for livsforsikringsselskap tilpassa internasjonale rekneskapsreglar (IFRS), som tillet balanseføring av urealiserte gevinstar.

Dotterselskap

SpareBank 1 Hallingdal er eineksjonær i SpareBank 1 Hallingdal Invest AS, SpareBank 1 Hemsedal Eigedom AS, SpareBank 1 Gol Eigedom, Hemsedal Regnskap AS og SpareBank 1 Ål Eigedom AS.

Banken eig 85% av EigendomsMegler 1 Geilo.

Dotterselskap er innarbeid etter eigenkapitalmetoden.

SpareBank 1 Hallingdal Invest AS

Selskapet eig div. aksjar og andelar, samt dotterselskapet Kolbotn Tomteutvikling AS.

Selskapet vart stifta i 1982. Selskapet har ingen faste tilsette.

SpareBank 1 Hemsedal Eigedom AS

SpareBank 1 Hemsedal Eigedom AS driv med kjøp, bygging, leige og drift av fast eigedom, samt utleige av driftsmidlar.

Selskapet vart stifta i 2004. Selskapet har ingen faste tilsette. Selskapet leiger ut lokal til banken i Hemsedal.

SpareBank 1 Gol Eigedom AS

SpareBank 1 Gol Eigedom AS driv med kjøp, bygging, leige og drift av fast eigedom.

Selskapet vart stifta i 2005. Selskapet har 1 fast tilsett. Selskapet leiger ut lokal til banken på Gol.

SpareBank 1 Ål Eigedom AS

SpareBank 1 Ål Eigedom AS driv med kjøp, bygging, leige og drift av fast eigedom.

Selskapet vart stifta i 2006. Selskapet har ingen fast tilsette. Selskapet leiger ut lokal til banken på Ål.

Hemsedal Regnskap AS

Hemsedal Regnskap AS har 11 fast tilsette. Verksemda består av å yte bistand til næringslivet

i form av rekneskapsføring og informasjonsteneste. Dagleg leiar er Per Gunnar Markegård.

EigendomsMegler 1 Geilo AS

EigendomsMegler 1 Geilo AS har 4 tilsette. Verksemda driv eigedomsmekling.

Dagleg leiar er Christian Haatuft.

Følgjande postar i banken sin morrekneskap er påverka av engasjementet med dotterselskapa:

	SB1 Hallingdal Invest AS		SB1 Hemsedal Eigedom AS		SB1 Gol Eigedom AS		SB1 Ål Eigedom AS		Hemsedal Regnskap AS		EM1 Geilo AS	
	2009	2008	2009	2008	2009	2008	2009	2008	2009	2008	2009	2008
Renteinntekter på utlån frå kundar	-	3	950	2 536	1 580	2 403	715	1 363	2	1	55	40
Renteutgifter på innskot frå kundar	96	134	106	74	9	35	16	17	20	33	-	-
Andre driftsutgifter	-	-	3 833	4 920	3 740	4 224	1 847	1 860	179	175	-	-
Innskot frå kundar	3 394	3 661	482	664	297	913	435	413	826	678	598	-
Utlån til kundar	-	-	20 626	35 651	42 561	45 159	19 661	19 269	-	-	1 368	1 040
Bokført verdi i morbanken 01.01	3 909	2 087	8 880	850	840	551	-4 138	-4 396	286	273	12 770	19 273
Andel av årets resultat	-52	1 822	792	-610	418	289	406	-142	204	13	-1 098	-6 043
Innbet. ved aksjeteikn./konsernbidr.	-	-	-	8 640	-	-	-	400	-	-	-	-
Utbytte	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-460
Bokført verdi i morbanken 31.12	3 857	3 909	9 672	8 880	1 258	840	-3 732	-4 138	490	286	11 672	12 770
Bokført eigenkap. i dotterselskapet	3 857	3 909	9 572	8 830	1 258	840	310	52	490	286	1 595	1 373
Bokført resultat i dotterselskapet	-52	1 822	792	-660	418	289	257	-289	204	13	222	-305
Eigarandel i morbanken	100%	100%	100%	100%	100%	100%	100%	100%	100%	100%	85%	85%

Note 3a: Risikoklassifisering av utlånsporteføljen

Risikoklassifisering

SpareBank 1 Hallingdal risikoklassifiserer alle sine utlånsengasjement. Kundane blir klassifisert etter reint objektive kriterier som åtferd, inntening, tæring og sikkerheit. Klassifiseringa er ein integrert del av kredittprosessen og alle kundar blir kvar månad risikoklassifisert i banken sitt risikoklassifiseringssystem som blir drifta av SpareBank 1-alliansen. Systemet gir banken ein god oversikt over risikoen i utlånsporteføljen til ein kvar tid, og viser endringar i risikonivået over tid. Klassifiseringa blir vidare brukt som eit grunnlag for prioritering av ressursbruk, vurdering av framtidige tapsprognoser og val av satsingsområde.

